



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Måløy, formannskapssalen, 3. etg. rådhuset
Dato:	10.09.2026
Tid:	Kl. 10:00 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Anett Berg	Kinn FrP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Mats Brunsvik	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Jacob André Telvik Nødseth	Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Ola Teigen	Kinn AP	Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP	Doris Christensen	Kinn AP
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H	Arlene Vågene	Kinn H

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Doris Christensen	26/51341		Jf. forvaltningslova § 6 e) 1.

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:


Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør.
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef samfunn, kultur og miljø.
Norvall Bakke, kommunalsjef økonomi.

Måløy, 10. september 2026

Frank Willy Pedersen Djuvik
ordfører

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
077/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
078/26	Godkjenning av møteprotokoll
079/26	Spørsmål
081/26	Refererte skriv og meldingar
080/26	Orienteringar
082/26	39 - Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7 - Florø Seilforening
083/26	Auke i økonomisk løyving til krisesenteret
084/26	Kjøp og sal av eigedom - hittil i 2026.
085/26	Søknad om fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a - Vestland fylkeskommune
086/26	TV-aksjonen 2026 - NRC Flyktninghjelpen - Støtte frå Kinn kommune
087/26	Status oppfølging FDV kommunale bygg
088/26	Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Kinn kommune
089/26	Rapport kommunal veg og bruer - med plan for oppfølging
090/26	Interpellasjonar



Saksnr.	Utval	Møtedato
077/26	Formannskapet	10.09.2026

Godkjenning av innkalling og sakliste

FORM- 077/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Formannskapet 10.09.2026:

Godkjenning av innkalling:

V v/repr. Nødseth saknar saker med politisk retning og oppmoder om fleire slike saker til handsaming, for å setje den politiske agenda på dagsorden.

AP v/repr. Christensen etterlyste informasjon om dagens cruisebesøk.
Ordførar Frank Willy Djuvik orienterte om at besøket er kome i stand då formannskapet er blitt invitert til eit bedriftsbesøk om bord, for å få informasjon og lære meir om cruise.
Cruisebesøket med påfølgande lunsj utløyser ikke kostnadar for Kinn kommune.

V /repr. Jacob Nødseth kommenterte at eit bedriftsbesøk og kunnskapsinnhenting er viktig.

Godkjenning av sakliste:


Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

FORM- 077/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
078/26	Formannskapet	10.09.2026

Godkjenning av møteprotokoll

FORM- 078/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Formannskapet 10.09.2026:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

FORM- 078/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Formannskapet - 04.06.2026



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/54563
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 03.09.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
079/26	Formannskapet	10.09.2026


Spørsmål

FORM- 079/26 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Formannskapet 10.09.2026:

Ingen spørsmål.

FORM- 079/26 Vedtak:
Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
081/26	Formannskapet	10.09.2026

Refererte skriv og meldingar

FORM- 081/26 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 10.09.2026:

Formannskapet einige om at ein ønskjer sak om vennskapsbyer til handsaming i eit seinare møte.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FORM- 081/26 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

032/26, Avslutter tilsyn - Tilsynsaksjon 2025 - Utsortering av avfall

033/26, Brev fra ordføreren i Bahacheve - vennskapskommune

035/26, Høyringsbrev – endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt

036/26, Kinn - Gjeldsrapport pr. 31.07.2026

034/26, Høring - Forslag om endringer i ITS-loven og tilhørende forskrifter

037/26, Oppstartsmøte på forvaltningsrevisjonen Internkontroll


038/26, Oppsummering av høringskommentarer - Fastsettelse av program for konsekvensutredning for Cuvette

039/26, Rapport KS - Status kommune 2026

040/26, Sogn og Fjordane Energi AS - Pressemelding 31.08.2026 - Ein halv milliard i skatt til fellesskapet

041/26, Visit FjordKysten og Sunnfjord AS - Brev til eigarkommunane om finansiering

042/26, Eigarskap Kinn kommune - september 2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
080/26	Formannskapet	10.09.2026

Orienteringar

FORM- 080/26 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Behandling i Formannskapet 10.09.2026:

Kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen orienterte om følgjande:

Florø barneskule og Paviljong

Anbod første del Florø barneskule og Paviljongen er no ute.

Ellingskarhornet

Det er gjennomført ein revisjon av prosjektet, og ein har tilpassa prosjektet til den økonomien ein har. Anbod ute i løpet av oktober månad. Viktig til neste cruisesesong.

Albertatunet

Vert gjennomført jevnlege økonomistatusar, ser greit ut. Ein har jobba med den nye kontrakten, del 2, er små justeringar mht framdrift, kan kanskje gjennomføre prosjektet på kortare tid.

Investeringar

Gjennomgang av alle investeringar i løpet av veka, kjem orientering i samband med tertialrapport II.

Kunstgras Florø stadion

Sist formannskapsmøte orienterte vi om skifting av kunstgras på Florø stadion i oktober. Anbod vart høgare enn budsjettforutsetninga, grunna krav om miljø, og ein har ikkje budsjettdekning. Blir no arbeid med ekstern finansiering og ein har ikkje framdrift per no. Administrasjonen kjem tilbake til formannskapet seinare om ny finansiering.

Spørsmål frå V v/repr. Nødseth om planer for Kulturhuset i Florø


Kommunedirektør Bang-Olsen orienterte om at det kjem sak om kulturhuset i Florø, til politisk handsaming.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

FORM- 080/26 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.



Saksnr.	Utval	Møtedato
082/26	Formannskapet	10.09.2026
141/26	Kommunestyret	17.09.2026

39 - Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7 - Florø Seilforening

FORM- 082/26 Vedtak:

Dokumenta vert offentleggjort.

Florø Seilforening får fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a for eigedomane gbnr. 24/534 og gbnr. 24/26 frå og med skatteåret 2026.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Florø Seilforening får fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a for eigedomane gbnr. 24/534 og gbnr. 24/26 frå og med skatteåret 2026.

Bakgrunn for saka:

Florø Seilforening har søkt om fritak frå eigedomsskatt for eigedomane gbnr. 24/534 og gbnr. 24/26 i Kinn kommune. Eigedomane er ilagt eigedomsskatt etter kommunen sine gjeldande vedtak om utskriving av eigedomsskatt.

Florø Seilforening er eit idrettslag tilslutta Norges Idrettsforbund og Norges Seilforbund, og driv aktivitet innan seilspport for barn, unge og vaksne.

Saksopplysningar:

Etter eigedomsskattelova § 7a kan kommunestyret frita eigedomar som tilhøyrrer stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten.

Florø Seilforening vart stifta i 1977 og er organisert etter NIF si lovnorm for idrettslag. Formålet til foreininga er å drive idrett basert på frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd.

Foreininga har 132 medlemmer og tilbyr aktivitetar innan seilspport gjennom treningar, kurs, regattaar og sommarskular. Foreininga legg særleg til rette for aktivitetar for barn og unge, og arrangerer mellom anna gratis sommarskular med fokus på trygg ferdsel og aktivitet på sjøen.

Rekneskapen for 2024 viser at foreininga har inntekter frå medlemskontingentar,

offentlege tilskot, sponsorinntekter og utleige av klubbhus, bryggeplassar og kaiområde.

Årleg eigedomsskatt utgjer kr 6 745 for gbnr. 24/534 og kr 520 for gbnr. 24/26. Samla eigedomsskatt utgjer kr 7 265 per år.

Vurderingar:

Eigedomsskattelova § 7a er ei kan-føresegn som gir kommunestyret høve til å frita eigedomar som tilhøyrrer institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten. Det ligg ikkje føre nokon rettsleg plikt til å gi fritak.

Florø Seilforening driv frivillig og ideell idrettsverksemd med aktivitetar retta mot både barn, unge og vaksne. Gjennom treningar, opplæring, sommarskular og konkurransar bidreg foreininga til eit breitt fritids- og aktivitetstilbod i kommunen.

Foreininga har inntekter frå utleige av klubbhus, bryggeplassar og kaiområde. Desse inntektene vert vurderte som ein del av finansieringa av den ideelle verksemda og aktivitetstilbodet, og ikkje som sjølvstendig næringsverksemd med økonomisk vinning som formål.

På bakgrunn av formålet til foreininga, organiseringa og aktivitetstilbodet som vert drive, vert eigedomane vurderte å vere omfatta av eigedomsskattelova § 7a. Søknaden vert derfor tilrådd innvilga.

Økonomiske konsekvensar:

Eit fritak vil medføre reduserte eigedomsskatteinntekter for Kinn kommune på kr 7 265 årleg knytt til eigedomane gbnr. 24/534 og gbnr. 24/26.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova) § 7a.

Søknad om fritak frå eigedomsskatt frå Florø Seilforening.

Årsmelding for Florø Seilforening 2024.

Rekneskap 2024 for Florø Seilforening.

Lov for Florø Seilforening.

Behandling i Formannskapet 10.09.2026:

Framlegg om openheit, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
DOKumenta vert offentleggjort.

Votering:

Tilleggsframlegg frå V v/repr. Nødseth og kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

FORM- 082/26 Vedtak:

Dokumenta vert offentleggjort.


Florø Seilforening får fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a for eigedomane gbnr. 24/534 og gbnr. 24/26 frå og med skatteåret 2026.

Vedlegg i saken:

Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7

Lov Florø Seilforening Oppdatert 22.10.2025

Noter til regnskap 2024
Årsmelding for Florø Seilforening 2024
Regnskap 2024 årsmøte 2025
888096922_selvvalgt-visning_SIGNERT
Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7



Saksnr.	Utval	Møtedato
043/26	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	01.09.2026
083/26	Formannskapet	10.09.2026
140/26	Kommunestyret	17.09.2026

Auke i økonomisk løyving til krisesenteret

FORM- 083/26 Vedtak:

Tilskotet til Interkommunalt krisesentertilbod vert auka med med kroner 123 936,- årleg.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 01.09.2026

Kommunedirektøren tilrår å auke tilskotet til Interkommunal krisesentertilbod med kroner 123 936,- årleg.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å auke tilskotet til Interkommunal krisesentertilbod med kroner 123 936,- årleg.

Bakgrunn for saka:

Kommunane i gamle Sogn og Fjordane, med unntak av Gulen, har i fellesskap etablert Krisesenteret i Florø. Krisesenteret vert drive som eit oppgåvefellesskap med Kinn som vertskommune. Samarbeidsavtale er inngått for oppgåvefellesskapet (vedlagt). Bygga, sjølve Krisesenteret og eit leilegheitsbygg, er eigd og drive av Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane.

Stiftinga bygde eit leilegheitsbygg i 2020. Leilegheitene vert nytta som overgangsbustadar for brukarar av krisesenteret. Bakgrunnen var tydeleg behov for bustadar for brukarar som av ulike årsaker ikkje hadde tilstrekkeleg tryggleik til busetting i samfunnet kort tid etter opphald på krisesenteret.

Drifta av (bustadane) leilegheitsbygget var ikkje planlagt å vere dekkja av det interkommunale samarbeidet, det skulle være sjølvfinansiert med husleige frå den enkelte bebuar som inntekt. Unntaket er ei leilegheit nytta til krisesenterdrift, da dette er butilbod til menn/skjerming og dekkja av driftsbudsjett.

Kommunane gav ikkje si tilslutning til etablering av dette bygget den gongen, men styret i Stiftinga gjennomførte investering med intensjonen om at dette skulle være sjølvfinansierende.

Grunna eit stramt budsjett for bustadane samt renteauke dei seinare åra og vedlikehald, har utfordringane økonomisk auka. Krisesenteret har no ikkje ein berekraftig økonomi lenger.

Krisesenteret sin økonomi har vore handsama i samarbeidsutval for krisesenteret, i kommunedirektørkollegiet og vert no løfta som politisk sak for endeleg avklaring til politisk handsaming. Saka drøfta kva alternativ ein har for å handtere situasjonen.

Saksopplysningar:

Formål med overgangsbustadane og bruken av desse - forslag: [Rundskriv til krisesenterloven | Bufdir](#) kom 1.januar 2026 og erstatter rundskriv fra 2015.

Forskriften fremhever i §2: *Det skal være et botilbud, et dagtilbud, et telefontilbud og oppfølging i reetableringsfasen i samarbeid med andre tjenester. Krisesentertilbudet skal bestå av alle de fire tjenestene.* Presiseringen innebærer ingen nye plikter for kommunen, men det blir framheva under bokstav d (*oppfølging i rehabiliteringsfasen*) at erfaring tilsier behovet for oppfølging etter opphold på krisesenteret for noen kan være stort.

Leilegheitsbygget ligg tett ved krisesenteret. Leilegheitene vert nytta til personar i krisesenteret si målgruppe. Dei som flytter inn får i utgangspunktet kontrakt for to år. Nokon bur der kortare, andre har hatt behov for å få forlenga kontrakt. Fram til no har det budd 20 familiar i overgangsbustadane frå 11 ulike kommunar, 8 ulike samarbeidskommunar og 3 frå andre delar av landet (beskytta adresse). 14 har flytta etter å ha budd i overgangsbustad, fleire har fått kjøpt bustad med hjelp av etableringslån gjennom Husbanken.

Overgangsbustadane er tilpassa bustader som er meint å gjere overgang frå krisesenter til livet utanfor lettare. Det er kort veg til krisesenteret for å be om hjelp i reetableringsfasa, om bruker ynskjer dette. Lokalisering nær senteret under reetablering kan være med på å auke tryggleiken, og slik syte for at både barn og vaksne, opplever mindre uro og frykt i overgangsfase.

Det kan og vere avgjerande for å ikkje reise attende til valdsutøvar, å vite at ein er nær personale som kjenner problemstillinga og utfordringane for den enkelte familie. Erfaringa er at dei ny leilegheitene har vore både forebyggjande og vore til hjelp i reetablering til eit liv utan vald. Det kan ta år å etablere tryggleik og gode tilhøve for både lek og læring for born som har opplevd frykt, vald og ustabile tilhøve tidleg i livet. Det å investere i familieane er både tid og ressurskrevjande, men bidreg på individ og familienivå. Slik sett kan også heilskapen i tenestetilbodet som er utvikla ved Krisesenteret gje god samfunnsnytte.

Dei økonomiske utfordringane ved bygget.

Oppføringa av bygget vart hovudsakleg finansiert av husbanklån, som per i dag er på kr 16 081 422 , men og eit byggjelån frå Sparebank1 som seinare vart gjort om til Niborlån. dette lånet er på kr 3 750 000.

Renta var låg både under planlegging, oppføring, og dei første åra bygget stod ferdig. I juni 2025 gjekk avtale om fastrente, som vi har hatt i husbanken sidan juni 2022 ut. Utgiftene knytt til lån auka då med over 2 prosent. Dette betyr at underskotet som har vore fram til juni 2025 vart betydeleg auka frå juli 2025.

Korttidsutleige skaper utfordringar da vi økonomisk ikkje toler den grad av turnover som dette fører til. Vi kan ikkje leige ut i den ordinære marknaden grunna formålet med bustadane. Den totale rekneskapen har vore i balanse i desse åra, trass noko tap på bygget. Slik situasjonen er no, går dette ut over drifta av krisesenteret. Stiftinga står i ein situasjon der dette ikkje er berekraftig lengre.

Tiltak som er gjennomført eller utgreia knytt til dei økonomiske utfordringane.

Styret har saman med administrasjon sett inn mange ulike tiltak, og sett på løysingar for å betre den økonomiske situasjonen.

- Husleige er auka maksimalt
- Stiftinga har vore i dialog med Husbanken om refinansiering, noko som ikkje

- er mogleg
- Utgiftene er meir føreseielege etter at ein har vald å binde renta på delar av lånet. Verknad frå august 2026
- Låna er på maksimal nedbetalingstid
- Vi har hatt dialog med vertskommune knytt til samarbeid om utleige for å unngå tomleige
- Styret har jobba med å finne andre økonomiske tiltak og stiftingar der ein kan søke utan hell
- Leilegheitene vert ikkje lenger utleigd som møblerte, og bebuarane må sjølv dekke Riks-tv
- Utover tiltak som har råka bebuarane, har tap vorte dekkja av driftsbudsjettet til krisesenteret. Der er no ikkje fleire tiltak vi kan sette inn i høve å redusere kostnadane, og manglande vedlikehald etc. vil på sikt gje oss store utfordringar framover
- Leilegheitsbygget er vurdert solgt. Stiftinga har fått ein verditakst som syner ein marknadsverdi på 14 500 000, medan det totale lånet på bygget er i underkant av 20 000 000. Meklar peikar på fleire utfordringar med å selje leilegheitsbygget, m.a. samlokalisering med krisesenterbygget.
- Det vert peika på at å selje bygget som enkeltståande leilegheiter, altså å seksjonere bygget vert vurdert som det mest lønsame. Slik vilkåra er i Husbanken må heile lånet realiserast straks vilkåra for bruk av bygget vert endra gjennom eit sal av leilegheiter. Det har stiftelsen ikkje moglegheit for, og det vil medføre at ein går konkurs

Korleis kan ein vidareutvikle tilbodet til å gi eit betre tilbod vidare for utsette for vald i nære relasjonar i vår region.

I tillegg til å huse leilegheit til menn/skjerming og overgangsbustadar kan ein sjå føre seg ytterlegare utviklingspotensiale i å utbetre Krisesenteret sitt tilbod. Mellom anna kan ein med relativt enkle grep sette av to små leilegheiter til menn/skjerming og innlemme disse i krisesenteret sin gardsplass ved å flytte gjerdet. Dette vil gi auka moglegheiter ved å gje eit betre tilbod til menneske som trenger skjerming ved for eksempel rusproblematikk. Ein vil kunne gi tilbod til fleire menn samtidig og liknande.

Vurderingar:

Bygget er ikkje skilt ut i eit eige AS og drifta av krisesenteret vil verte påverka av økonomien. Det er gjort grep for å ta ned drifta av krisesenteret, og det vert signalisert at drifta er tatt ned til eit nivå der ytterlegare kutt på drift vil påverke tilbodet i så betydeleg grad at det ikkje er forsvarleg.

Tilbodet med overgang-bustadar har vore naudsynt for at krisesenteret skal få brukarar ut i samfunnet att på ein trygg og god måte, men med dagens rentesats så er ikkje bygget sjølvfinansierande lengre.

Kostnadsauken vil for kommunane ikkje være av vesentleg art, dersom tilbodet skulle felle vekk vil det verte opp til kommunane å løyse på eiga hand. Kommunane må då sjølv stille til rådvelde personale, etablere turnus og ha tilgjengeleg hus.

Krisesenteret viser også til at det i liten grad har vore kostnadsauke for kommunane utover normal indeksregulering dei siste åra, senteret vil fortsette å jobbe for å halde kostandar nede slik at belastninga i minst mogleg grad skal hamne på kommunane. Vilkår i samarbeidsavtala beskriv fylgjande:

« Rammene for tenestekjøpet for komande år vert utarbeidd av vertskommunen og sendt samarbeidande kommunar innan 31. juli. Den økonomiske ramma vert avklara og handsama i Samarbeidsutvalet innan 31. august. Samarbeidsutvalet har

*moglegheit for å sette vilkår for tenestekjøpet. Årleg auke med deflator er utgangspunkt for tenestekjøpet. **Om det oppstår særskilte situasjonar må det vere opning for endra rammer.** Det er vertskommunen sitt ansvar å drøfte dette i Samarbeidsutvalet.»*

Saka har vore oppe til drøfting i samarbeidsutvalet 6 mars, med konklusjonen om at samarbeidsutvalet ikkje kan forplikte kommunane til dette.

Vertskommunen fekk oppgåve med å kalle inn kommunedirektørane til eit drøftingsmøte. Drøftingsmøte med kommunedirektørane vart gjennomført 12.mai og 9 juni, med konklusjonen at det utarbeidast ei sak til politisk behandling hausten 2026.

Det var uheldig at det vart gjort investering i eit bygg som ikkje var nok forankra i kommunane. Kommunedirektøren ser at det har vore gjort det som er mogeleg for å handtere avviket, og at alternativet til ei kostnadsendring er vurdert.

Tilleggsløyvinga i for 2027 står fram som moderat set opp mot fordelane det utvida tilbod har skapt. Derfor har kommunedirektøren tilrådd å innarbeide dette i budsjettet for 2027.

I den vidare oppfølginga av oppgåvefellesskapet vil det være naturleg å vurdere om også kommunane også får høve til å delta i oppnemning av styre for Krisesenterstiftinga.

Økonomiske konsekvensar:

Auken i årleg tilskot som saka legg opp til er fordeling av 803.000,- på kommunane. Tabell i vedlegget gjev oversikt over kostnader for kvar kommune.

Tabell : Meirutgifter i 2027 - fordeling

Kommune nr.	Kommune	Folketal	Totalt
4602	KINN	17 419	123 936
4636	SOLUND	740	7 588
4637	HYLLESTAD	1 281	11 264
4638	HØYANGER	3 894	31 089
4639	VIK	2 550	20 785
4640	NYE SOGNDAL	12 496	88 095
4641	AURLAND	1 836	14 657
4642	LÆRDAL	2 188	17 857
4643	ÅRDAL	5 213	39 038
4644	LUSTER	5 432	41 527
4645	ASKVOLL	2 930	24 607
4646	FJALER	2 924	25 234
4647	SUNNFJORD	22 662	157 337
4648	BREMANGER	3 361	28 411
4649	STAD	9 655	71 317
4650	GLOPPEN	5 936	46 963
4651	STRYN	7 311	53 402
		107 828	803 107

· Ordinær prisjustering kjem i tillegg

Behandling i Formannskapet 10.09.2026:

AP v/repr. Christensen ønske vurdert eigen habilitet jf. forvaltningslova § 6 e) 1., då ho er styreleiar i stiftinga Kriesesenteret i Sogn og Fjordane.
Repr. Christensen vart samrøystes erklært innhabil.

Formannskapet einige om at vedtaket må endrast til:
"Tilskotet til Interkommunalt kriesesentertilbod vert auka med med kroner 123 936,- årleg".

Votering:

Samrøystes vedtatt.

FORM- 083/26 Vedtak:

Tilskotet til Interkommunalt kriesesentertilbod vert auka med med kroner 123 936,- årleg.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 01.09.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.


HSOUV- 043/26 Vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å auke tilskotet til Interkommunal kriesesentertilbod med kroner 123 936,- årleg.

Vedlegg i saken:

Vedlegg - fordeling av kostnader til Kriesesentertilbod for medlemskommunane
ny samarbeidsavtale 2020-

Vedlegg - sak om løyving til Kriesesentertilbodet



Saksnr.	Utval	Møtedato
084/26	Formannskapet	10.09.2026

Kjøp og sal av eigedom - hittil i 2026.

FORM- 084/26 Vedtak:

Formannskapet tek orienteringa om gjennomførte og planlagde kjøp og sal av kommunal eigedom i 2026 til vitande.

Formannskapet får ei oversikt over parsellar/teigar/eigedommar som er eigna for sal til dømes til tilstøytande grunneigarar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringa om gjennomførte og planlagde kjøp og sal av kommunal eigedom i 2026 til vitande.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune kjøper og selge gjennom året eigedom og areal som ledd i forvaltninga og utviklinga av den kommunale eigedomsmassen. Transaksjonane omfattar både strategiske kjøp, kjøp av areal til kommunal infrastruktur og sal av eigedomar og areal som kommunen ikkje lenger har behov for.

Kommunedirektøren legg med dette fram ei samla orientering om gjennomførte kjøp og sal så langt i 2026, samt status sett opp mot vedteke budsjett.

Gjennomførte kjøp og sal av eigedom

Eigedom	Kjøp	Sal	Føremål/kommentar
Brendøyvegen 25A		Kr. 6 227 960,-	Sal av kommunal eigedom
Nyheimvegen bhg		Kr. 2 200 000,-	Reduksjon av kommunal eigedomsmasse
Tomt gbnr 55/257		Kr. 200 000,-	Sal av tilleggsareal
Nesjane, gbnr 52/33		Kr. 2 524 800,-	Sal av næringseigedom
Nesjane, gbnr 52/80		Kr. 744 750,-	Sal av næringsareal
Flyplassen, gbnr 28/1105		Kr. 1 071 450,-	Sal av parkeringsareal
Parsell av gbnr 13/26	Kr. 79 440,-		Kjøp av parsell til ilandtakskum for sjøleidning
Gbnr 28/1111		Kr. 136 800,-	Sal av tilleggsareal
Kalvedalsvegen 1, 176		Kr. 1 005 355,-	Reduksjon av kommunal

			eigedomsmasse
Skuldalsvegen 2, andel 1584	Kr. 1 292 120,-		Kjøp av leilegheit
SUM	Kr. 1 371 560,-	Kr. 14 111 115,-	

Gjennomførte sal utgjør så langt kr 14,11 mill., medan gjennomførte kjøp utgjør kr 1,37 mill. Differansen mellom gjennomførte salsinntekter og kjøpsutgifter er om lag kr 12,74 mill.

Kjøp og sal av eigedom – andre investeringsprosjekt.

I tillegg til transaksjonane ovanfor har kommunen gjennomført fleire grunnnerverv som inngår i andre kommunale investeringsprosjekt. Utgiftene til desse kjøpa blir belasta dei respektive prosjekta og ikkje den ordinære løyvinga til strategiske eigedomskjøp.

Eigedom	Kjøp	Sal	Føremål/kommentar	Prosjekt
Gate 1 123 / gbnr. 316/34	Kr. 1 500 000,-		Rekkefølgjekrav i samband med bygging av nye Skram skule	51054
Parsell av gbnr. 53/9	Kr. 19 000,-		Kjøp av parsell til kommunal pumpestasjon – oppgradering VA Hovlandsvegen	75041
Gbnr. 309/192	Kr. 10 000,-		Overtaking av vegareal i samband med utbyggingsavtale	
Idrettsvegen 7, gbnr. 314/86 og 314/87	Kr. 2 700 000,-		Grunnerverv knytt til Øvre Skram og nye vegar	21043
Gate 4, gbnr. 316/8 og 316/327	Kr. 4 100 000,-		Grunnerverv knytt til Skram skule, jf. budsjettvedtak B13	51012
SUM	Kr. 8 329 000,-			

Desse kjøpa er i hovudsak oppkjøp som er nødvendige for gjennomføring av vedtekne kommunale investeringsprosjekt innan skule, veg og vatn og avløp.

Når også desse transaksjonane blir tekne med, har kommunen så langt i 2026 gjennomført eigedomskjøp for om lag kr 9,7 mill. Samla salsinntekt er om lag kr 14,1 mill.

Det er viktig å presisere at kjøpa under andre investeringsprosjekt ikkje skal vurderast opp mot budsjetttramma for strategiske eigedomskjøp, ettersom desse er finansierte innanfor dei respektive investeringsprosjekta.

Planlagde sal av eigedom i 2026

I tillegg til dei sala som allereie er gjennomførte, arbeider kommunen med sal av fleire eigedomar og bustader. Ein vesentleg del av dei planlagde sala er ledd i arbeidet med å redusere og tilpasse den kommunale eigedomsmassen. For enkelte bustader er føremålet også overgang frå kommunal utleige til privat eigarskap.

Eigedom	Prisantydning	Prisestimat	Føremål	Status
Kyllarvegen 1A	Kr. 1 920 000,-		Reduksjon av kommunal	Vedtekter må oppdaterast

			eigedomsmasse	
Kyllarvegen 1B	Kr. 2 000 000,-		Reduksjon av kommunal eigedomsmasse	Vedtekter må oppdaterast
Kyllarvegen 1C	Kr. 1 920 000,-		Reduksjon av kommunal eigedomsmasse	Vedtekter må oppdaterast
Botnavegen 8F	Kr. 2 700 000,-		Frå leige til eige	Opprette sameige
Gate 4, 117	Kr. 950 000,-		Reduksjon av kommunal eigedomsmasse	
Kalvedalsvegen 1, leil. 1.3	Kr. 1 350 000,-		Frå leige til eige	Salsprosess pågår
Kalvedalsvegen 1, leil. 2.3	Kr. 1 400 000,-		Reduksjon av kommunal eigedomsmasse	Salsprosess pågår
Gate 2, 139			Reduksjon av kommunal eigedomsmasse	Planlagt lagt ut for sal i september
Marka 2	Kr. 1 700 000,-		Reduksjon av kommunal eigedomsmasse	Skal seksjonerast
Marka 4	Kr. 1 600 000,-		Reduksjon av kommunal eigedomsmasse	Skal seksjonerast
Marka 6	Kr. 1 650 000,-		Reduksjon av kommunal eigedomsmasse	Skal seksjonerast
SUM	Kr. 19 190 000,-	Kr. 2 700 000,-		

Eigedomane i oversikta ovanfor har samla prisantydningar på om lag kr 19,2 mill. I tillegg kjem Gate 2, 139, som førebels har eit estimert salsnivå på om lag kr 2,7 mill. Samla estimert salsverdi for eigedomane er dermed om lag kr 21,9 mill.

Fleire av eigedomane krev administrative avklaringar før sal kan gjennomførast. Dette gjeld mellom anna oppdatering av vedtekter, seksjonering og etablering av sameige. For andre eigedomar er salsprosessen allereie sett i gang eller planlagt starta i løpet av hausten.

Prisane i oversikta er prisantydningar og estimat og må ikkje reknast som sikre framtidige salsinntekter. Endeleg salsinntekt vil avhenge av marknadspris, framdrifta i dei enkelte salsprosessane og om sala blir slutførte innan utgangen av 2026.

Økonomisk status og prognose

I opphavleg budsjett for 2026 vart det lagt til grunn kr 5 mill. til kjøp av eigedom og kr 33 mill. i inntekter frå sal av eigedom. Etter vedtekne budsjettendringar er budsjetttramma for sal om lag kr 41,6 mill.

Så langt er det gjennomført sal for om lag kr 14,1 mill.

Oversikta over planlagde sal viser ein samla estimert salsverdi på om lag kr 21,9 mill. Prognosen for ytterlegare salsinntekter i 2026 er sett til om lag kr 24 mill. Prognosen er basert på dei pågåande og planlagde salsprosessane og er behefta med uvisse.

Dersom prognosen blir realisert, vil samla salsinntekter i 2026 bli om lag kr 38,1 mill. Prognosen er usikker og avheng mellom anna av framdrift i dei enkelte salsprosessane og om planlagde transaksjonar kan slutførast innan årsskiftet.

Vurderingar:

Eigedomstransaksjonane så langt i 2026 viser at kommunen både arbeider med reduksjon og tilpassing av den kommunale eigedomsmassen og med målretta grunnnerverv for å kunne gjennomføre kommunale investeringar.

På salssida er det gjennomført fleire større transaksjonar, særleg salet av Brendøyvegen 25 A og næringseigedomane på Nesjane. Det er også gjennomført fleire mindre sal av areal der kommunen har avgrensa eigen nytte av arealet, men der arealet har verdi for tilgrensande eigedomar eller verksemdar.

På kjøpsida er ein vesentleg del av aktiviteten knytt til konkrete investeringsprosjekt.

Oppkjøpa til mellom anna nye Skram skule, vegprosjekt og VA-anlegg er ein nødvendig del av gjennomføringa av desse prosjekta og må sjåast i samanheng med dei respektive investeringsvedtaka.

Kommunedirektøren vurderer at gjennomførte og planlagde eigedomstransaksjonar er i tråd med arbeidet med å tilpasse den kommunale eigedomsmassen og sikre nødvendig grunn til vedtekne investeringsprosjekt. Sal av eigedomar kommunen ikkje lenger har behov for, kan redusere framtidige kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald, samstundes som sala gir inntekter til kommunen.

Det er framleis fleire salsprosessar under arbeid. Både tidspunkt for gjennomføring og endeleg salspris vil vere avhengig av marknaden og nødvendige administrative og eigedomsrettslege avklaringar. Endeleg økonomisk resultat for 2026 vil difor først vere kjent etter at dei aktuelle prosessane er avslutta.

Økonomiske konsekvensar:

Gjennomførte sal innanfor det ordinære eigedomsbudsjettet utgjer så langt om lag kr 14,1 mill., medan gjennomførte kjøp utgjer om lag kr 1,37 mill. Differansen mellom gjennomførte salsinntekter og kjøpsutgifter er om lag kr 12,74 mill.

I tillegg er det gjennomført eigedomskjøp for om lag kr 8,33 mill. som del av andre kommunale investeringsprosjekt. Desse kjøpa er finansierte innanfor dei respektive prosjektrammene og påverkar difor ikkje løyvinga til strategiske eigedomskjøp.

Gjeldande budsjettramme for salsinntekter er om lag kr 41,6 mill. Med gjennomførte sal på kr 14,1 mill. og ein prognose på ytterlegare om lag kr 24 mill., er samla prognose for året om lag kr 38,1 mill. Dersom prognosen blir realisert, vil salsinntektene vere om lag kr 3,5 mill. lågare enn gjeldande budsjett.

Det er knytt uvisse til prognosen, då tidspunktet for inntektsføring er avhengig av at dei planlagde eigedomssala blir slutførte innan utgangen av 2026. Eventuelle avvik vil bli følgde opp gjennom den ordinære økonomirapporteringa.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Formannskapet 10.09.2026:

Tillegg, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Formannskapet får ei oversikt over parsellar/teigar/eigedommar som er eigna for sal til dømes til tilstøytande grunneigarar.


Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.
Tileggsforslag frå V v/repr. Nødseth samrøystes vedtatt.

FORM- 084/26 Vedtak:

Formannskapet tek orienteringa om gjennomførte og planlagde kjøp og sal av kommunal eigedom i 2026 til vitande.

Formannskapet får ei oversikt over parsellar/teigar/eigedommar som er eigna for sal til dømes til tilstøytande grunneigarar.



Saksnr.	Utval	Møtedato
085/26	Formannskapet	10.09.2026
142/26	Kommunestyret	17.09.2026

Søknad om fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a - Vestland fylkeskommune

FORM- 085/26 Vedtak:

Søknad frå Vestland fylkeskommune om fritak frå eigedomsskatt for eigedom gbnr. 28/968 (Florø idrettssenter) i Kinn kommune blir avslått, jf. eigedomsskattelova § 7.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad frå Vestland fylkeskommune om fritak frå eigedomsskatt for eigedom gbnr. 28/968 (Florø idrettssenter) i Kinn kommune blir avslått, jf. eigedomsskattelova § 7.

Bakgrunn for saka:

Vestland fylkeskommune har søkt om fritak frå eigedomsskatt for eigedom gbnr. 28/968 i Kinn kommune. Eigedomen er i dag ilagt eigedomsskatt etter kommunen sine gjeldande vedtak om utskriving av eigedomsskatt.

Eigedomen er nytta til vidaregåande opplæring, som er ei lovpålagd oppgåve for fylkeskommunen.

Saksopplysningar:

Kinn kommune skriv ut eigedomsskatt på faste eigedomar i delar av kommunen i samsvar med eigedomsskattelova og kommunale vedtak.

Eigedom gbnr. 28/968 er eigd av Vestland fylkeskommune og blir nytta til vidaregåande skuleverksemd.

Det er ikkje obligatorisk fritak for fylkeskommunale eigedomar, som t.d. skular. Når kommunen skriv ut eigedomsskatt på næringseigedomar, vil fylkeskommunen sine eigedomar dermed vere skattepliktige. Fylkeskommunale skular kan eventuelt fritakast av kommunestyret etter eigedomsskattelova § 7a, eigedomar åt institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten.

Vurderingar:

Eigedomsskattelova § 7 a er ei kan-føresegn som gir kommunestyret høve til å frita eigedomar som tilhøyrrer institusjonar som tek sikte på å gagne kommune, fylke eller stat. Det ligg ikkje føre nokon rettsleg plikt til å gi fritak.

Vidaregåande skular er ein del av fylkeskommunen si lovpålagde tenesteproduksjon og blir finansierte gjennom offentlege overføringar. Eigedomsskatt på slike eigedomar må reknast som ein ordinær del av kommunen sine inntekter basert på eigedomar innanfor kommunen sitt geografiske område.

Det ligg ikkje føre særlege lokale omsyn som tilseier at eigedom gbnr. 28/968 skal behandlast annleis enn andre skattepliktige eigedomar i kommunen.

Praksis i norske kommunar er ulik, og det finst ikkje ei nasjonal norm som tilseier at fylkeskommunale skular skal fritakast frå eigedomsskatt. Vurderinga etter § 7 a er eit kommunalt skjønn der omsynet til kommunen si økonomi og behov for stabile inntekter må vektleggjast.

Eit eventuelt fritak vil innebære eit direkte og varig bortfall av skatteinntekter for kommunen, utan kompensasjon frå fylkeskommunen.

På denne bakgrunn vurderer kommunedirektøren at søknaden ikkje bør takast til følgje.

Økonomiske konsekvensar:

Eit fritak vil medføre redusert eigedomsskatteinntekt for Kinn kommune knytt til gbnr. 28/968. Årleg eigedomsskatt for eigedomen er kr 439 560, basert på ein promillesats på 5. Dette vil vere eit direkte og varig inntektsbortfall for kommunen så lenge eit eventuelt fritak gjeld.

Avslag på søknaden medfører inga endring i kommunen sine inntekter.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova) §§ 3 og 7a
Kommunestyret sitt vedtak om utskriving av eigedomsskatt i Kinn kommune
Forvaltningspraksis knytt til kommunalt skjønn etter eigedomsskattelova § a


Behandling i Formannskapet 10.09.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

FORM- 085/26 Vedtak:

Søknad frå Vestland fylkeskommune om fritak frå eigedomsskatt for eigedom gbnr. 28/968 (Florø idrettssenter) i Kinn kommune blir avslått, jf. eigedomsskattelova § 7.



Saksnr.	Utval	Møtedato
086/26	Formannskapet	10.09.2026

TV-aksjonen 2026 - NRC Flyktningshjelpen - Støtte frå Kinn kommune

FORM- 086/26 Vedtak:

Kinn kommune bidreg til TV-aksjonen 2026 med kr. 1,50,- per innbyggjar.

Bidraget til TV-aksjonen 2026 vert å dekke over ramma for politisk arbeid.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune bidreg til TV-aksjonen 2026 med kr. 1,- per innbyggjar.

Bidraget til TV-aksjonen 2026 vert å dekke over ramma for politisk arbeid.

Bakgrunn for saka:

NRK TV-aksjonen 2026 er tildelt NRC Flyktningshjelpen. Aksjonsdagen er 18. oktober. Oppmoding frå NRK TV-aksjonen om kommunebidrag til årets TV-aksjon vart motteke 10.03.2026.

Kommunestyret valgte i K-sak 057/26 kommunekomiteé som har ansvaret for gjennomføring av årets TV-aksjon i Kinn kommune.

Saksopplysningar:

Gjennom TV-aksjonen i år ønskjer NRC Flyktningshjelpen å bidra til at over 400 000 menneske på flukt får tryggare og betre bustadforhold i Syria, Gaza, Afghanistan, Tsjad, Sudan og DR Kongo.

Dette skriv organisasjonen om sitt mål med midlane frå TV-aksjonen:

«**Nødboliger:** Mennesker med akutt behov for husly eller som trenger hjelp til å forbedre sine provisoriske boliger, skal få livreddende hjelp. Dette kan være alt fra å gi telt til å tilby presenninger, tauverk, planker, madrasser og annet utstyr inntil NRC Flyktningshjelpen kan støtte med bedre og mer varig husly.

Midlertidige hjem: Familier skal få hjelp til å forbedre og reparere midlertidige boliger, og enkelte familier skal få støtte til husleie. I tillegg vil NRC Flyktningshjelpen bygge om uskadde bygninger til boliger.

Varige hjem: NRC Flyktningshjelpen vil rehabilitere ødelagte bygninger, slik at flere kan få permanente hjem. I tillegg vil offentlige bygninger rehabiliteres, slik at folk kan returnere til hjemstedet sitt og få tilgang til offentlige tjenester.

Juridisk hjelp: Med de store ødeleggelsene er det avgjørende å sikre retten til hus og eiendommer. NRC Flyktninghjelpen vil gi informasjon og juridisk hjelp for å sikre bolig- og eiendomsrettighetene til familier som vender hjem eller setter opp midlertidig husly.

Vann og sanitær: NRC Flyktninghjelpen vil reparere og gjenoppbygge deler av infrastrukturen knyttet til vann og sanitære forhold. Slik kan de skape et godt og trygt miljø der familier og barn har tilgang til rent vann og gode sanitære forhold.»

Vurderingar:

Kinn kommune er av NRK TV-aksjonen oppmoda om å støtte aksjonen.
Formannskapet må ta stilling til eventuelt bidrag til aksjonen.
Kinn kommune har dei siste åra støtta TV-aksjonen med kr 1,- pr innbyggjar.

Økonomiske konsekvensar:

Eit eventuelt bidrag til TV-aksjonen vert å dekke over ramma for politisk arbeid.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[TV-aksjonen 2026](#)

Behandling i Formannskapet 10.09.2026:

Økning av bidraget fra Kinn kommune, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti beløpet pr innbygger økes til kr 1,50 i 2026

Votering:

Tekst i framlegg frå kommunedirektøren, minus beløp, og framlegg frå AP v/repr. Christensen samrøystes vedtatt.


FORM- 086/26 Vedtak:

Kinn kommune bidreg til TV-aksjonen 2026 med kr. 1,50,- per innbyggjar.

Bidraget til TV-aksjonen 2026 vert å dekke over ramma for politisk arbeid.

Vedlegg i saken:

NRK TV-aksjonen: anmodningsbrev og søknad kommunebidrag



Saksnr.	Utval	Møtedato
087/26	Formannskapet	10.09.2026

Status oppfølging FDV kommunale bygg

FORM- 087/26 Vedtak:

Formannskapet tek til vitande statusoppdatering vedrørende oppfølging av KOST-026/26 vedtakspunkt 2.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek til vitande statusoppdatering vedrørende oppfølging av KOST-026/26 vedtakspunkt 2

Bakgrunn for saka:

Saka gjelder ei kort statusoppdatering vedrørende oppfølging av kommunestyrevedtak under

KOST- 026/26 Vedtak:

1. *Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg», utarbeida av Vestland revisjon KO, datert 19.01.2026.*
2. *Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:*
 - a. *Prioritere utarbeiding av temaplan for forvaltning av bygg, anlegg og eigedomar. Planen skal leggjast fram for politisk handsaming i 2026.*
 - b. *Kinn kommune skal utarbeide ein framdriftsplan for gjennomføring av tilstandsvurdering av dei kommunale bustadane.*
 - c. *Kommunedirektøren skal rapportere om framdrift i arbeidet med å få lagt inn dei data og oppgåver som er naudsynte for å kunne hente ut vedlikehaldsplanar i Famac.*
1. *Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 31.05.2026 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp tilrådingane i rapporten, kva tid tiltaka skal settast i verk og kven som har ansvaret for iverksetting.*

Saksopplysningar:

Administrasjonen har startet arbeidet med temaplan for FDV kommunale bygg, men grunna kapasitetsutfordringar vil man truleg ikkje vere ferdig med slik plan og klargjort

for politisk handsaming før hausten 2027.

Arbeidet pågår fortløpande. Her kan nevnes at kartlegginga av universell utforming i bygg og uteområder nyleg er levert frå konsulent, og kommunedirektøren ser det som naturleg at oppfølging av avvik blir tatt inn i temaplanen.

Likevel er det vesentleg arbeid som står føre og man trenger meir tid for å utarbeide en god temaplan.

Kommunedirektøren har som intensjon å orientere Rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne om resultat frå kartlegginga, ved passende høve hausten 2026.

Vurderingar:

Oppfølging av kommunestyrevedtak pågår, man trenger meir tid enn først førespeila. Dette har i seg sjølv ei avgrensa konsekvens.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen av denne saka direkte

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»


Behandling i Formannskapet 10.09.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

FORM- 087/26 Vedtak:

Formannskapet tek til vitande statusoppdatering vedrørande oppfølging av KOST-026/26 vedtakspunkt 2.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
088/26	Formannskapet	10.09.2026

Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Kinn kommune

FORM- 088/26 Vedtak:

Kinn kommune sender med dette forslag til lokal forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort på høyring. Forslaget til forskrift med saksframlegg skal være tilgjenge på kommunen si heimeside og skal publiserast i lokale aviser.

Alle interesserte, organisasjonar, grunneigarar, jaktrettshavarar og offentlege instansar blir inviterte til å kome med merknader til forslaget.

Høyringsfrist blir sett til 10. oktober 2026.

Kommunen vil etter høyring av forskrifta ta stilling til om det skal opnast for bruk av restlysforsterkande og termisk siktemiddel ved jakt på hjort, altså om forskrifta faktisk skal tre i kraft.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Evalueringa av bestanden i høve det kommunale måldokumentet (FORVALTNINGSMÅL FOR HJORT - KINN KOMMUNE – 2023 – 2027) gjer ikkje grunnlag for å opne for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel.

Trenden er at hjortebestandane i kommunen er minkande og rapportar om alvorlege hjorteskader er minkande. Vilkårret som gjeld om dokumentasjon utover normal skade er ikkje tilstades.

Det blir difor ikkje lagt ut lokal forskrift for Kinn kommune om opning for bruk av restlysforsterkande og termisk siktemiddel ved jakt på hjort.

Bakgrunn for saka:

Viltressursloven vedtatt 1.7.2026 innfører forbod mot restlysforsterkande og termiske siktemiddel på jakt på hjort.

Landbruks- og matdepartementet fastsette 26.06.2026 endringar i jaktutøvingsforskrifta, sjå <https://lovdata.no/LTI/forskrift/2026-06-26-1380>. Dette vart gjort på bakgrunn av behov for tilpassingar i forskriftsverket i samband med at den nye Viltressurslova skulle tre i kraft 01.07.2026.

Kommunane må etter dette vedta eigne forskrifter om det skal verte lovleg å nytte siktemidla på jakt etter hjort.

Ein av bakgrunnane for endringa er Bernkonvensjonen (konvensjonen om vern av europeiske ville planter og dyr og deira naturlege leveområde). Tolkninga av reglane er gjort gjennom nasjonal lovgiving. Noreg har tolka det slik at termiske siktemidler er ulovleg etter konvensjonen. Det må difor utferdast eiga forskrift for og opne for jakt etter bestemte materielle vilkår.

Saksopplysningar:

Etter den nye viltressurslova er det forbod mot bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt (§ 26), men det er opna opp for å tillate dette i forskrift ved særskilde tilhøve.

Slike sikte har no vore lovleg å bruke nokre etter ei avgjerd i rettsvesenet avgjorde at dette ikkje er omfatta av omgrepet «kunstig lys» som var ulovleg å bruke etter den tidlegare Viltlova. Utviklinga av desse siktemidla har gått raskt siste åra, med stadig nye og forbetra produkt som resultat. Dette har gjeve jegerar nye moglegheiter med meir effektiv jakt, spesielt på dyrka mark der det i stor grad vert nytta. I Kinn kommune har ein del jegerar tatt i bruk termiske siktemiddel dei seinare åra .

Ei endring av jaktutøvingforskrifta som vart gjeldande frå 01.07.2026 gjev kommunane heimel for å kunne tillate bruk av slike sikte til jakt på hjort i ope terreng på visse vilkår. Dette gjeld for å avverje alvorleg skade på natur eller samfunnsinteresser og skal gjerast i ei eiga kommunal forskrift. Dette går fram av Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst (jaktutøvingforskrifta) § 29a., 4. ledd - heile paragrafen ser ein under

«§ 29a. Tillatt bruk av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler

Fastmontert synlig lys kan benyttes for å belyse åte i forbindelse med lisensfelling av jerv. Slik bruk skal rapporteres til statsforvalteren.

Synlig lys kan benyttes ved avliving av vilt som er fanget levende i felle.

Synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på villsvin og rødrev når jakten foregår i åpent terreng eller ved åteplass.

For å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet, kan kommunen i forskrift åpne for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort. Bruken av restlysforsterkende og termiske siktemidler skal avgrenses til jakt i åpent terreng.

Kommunen skal vurdere behovet for videreføring av en slik forskriftsregel hvert femte år. Kopi av vurderingen skal sendes Landbruksdirektoratet. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

Synlig lys kan benyttes ved den umiddelbare undersøkelsen av og rundt skuddstedet. Dette gjelder ikke ved kvotejakt og skadefelling av gaupe eller ved felling av jerv, bjørn og ulv med mindre noe annet følger av forskrift eller enkeltvedtak.

Synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved ettersøk av påskutt hjortevilt, villsvin og rødrev. Jegeren har bevisbyrden for at påskytingen er lovlig, og skal varsle grunneieren, politiet og kommunen om bruken av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler før ettersøket tar til.

Dersom varsling i vesentlig grad vil forsinke ettersøket, kan begrunnet melding om slik bruk sendes samme instanser umiddelbart etter avsluttet søk.»

Vurderingar:

Om det skal vere lov å nytte termisk og restlysforsterkande siktemiddel på jakt etter hjort i ope terreng må altså kvar kommune lage lokal forskrift som opnar for dette.

Det er ikkje fastsett nokon overgangsordningar, av departementet, for innføring av endringane som gjeld bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort.

Det er ikkje tilstrekkeleg at termiske siktemiddel kan gjere jakta enklare eller meir effektiv. Forskrifta krev at kommunen kan vise til alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik, og at forskrifta er eit nødvendig verkemiddel for å handtere denne situasjonen.

Kommunen kan fastsetje lokal forskrift dersom:

1. Det ligg føre høg bestandstettleik av hjort, og
2. Det er nødvendig å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av den høge bestandstettleiken.

For å kunne forsvare ei lokal forskrift bør kommunen dokumentere:

- at bestanden er så høg at han skaper ein skade- eller risikosituasjon,
- kva natur- eller samfunnsinteresser som blir råka,
- kvifor ordinær jakt ikkje er tilstrekkeleg,
- korleis termiske siktemiddel vil bidra til å redusere problema.

Typiske moment kan vere jord- og skogbruksskadar, hjortepåkøyrslar, svært høg bestandstettleik og manglande måloppnåing i bestandsforvaltninga.

Kinn kommune sitt overordna forvaltningsmål for hjort (2023 -2027) har som hovudformål å redusere hjortebestandane i kommunen. Dette utifrå omsynet både til belastninga med beiteskade på innmark og skog og for landbruksnæringa og omsynet til negativ vekt og kondisjonsutvikling i hjortebestandane. Administrasjonen gjer årleg vurderingar av bestandsutviklinga i høve dei kommunale forvaltningsmåla. Denne vert sendt jaktvald og jaktlag. Vurderinga vert gjort utifrå tilgjengeleg datamateriale frå fellingsstatistikk, Sett hjort registreringar og tilbakemeldingar frå grunneigarar og jegerar.

Avskytinga av hjort har lenge vore aukande i begge delar av kommunen men gjekk noko ned i 2025. Vurderingane som vart gjort etter jakta i 2025 er at ein dei siste 2 - 3 åra har hatt ein mindre bestandsreduksjon i begge delar av kommunen. Reduksjonen har vore størst i nordre delen av kommunen. Talet registrerte påkøyringar av hjort på vegane har vore minkande sidan 2021 noko som er med å underbyggje dette.

For landbruksnæringa har beiteskade av hjort på innmark og til dels i skog lenge vore av eit omfang som har medført eit betydeleg økonomisk tap for aktive bønder. Omfanget av dette varierer mellom år avhengig av tilgang på godt beite i utmarka som påverkar kor lenge hjorten vert verande på innmark på våren og kor tidleg dei trekkjer mot innmark på ettersumaren/hausten. Utan å ha nokon faktisk statistikk på det opplever administrasjonen å få færre meldingar om skade på jordbruksareal. Søknader om skadefellingsløyve grunna beiteskade på innmark har og vore minkande, i 2025 hadde ein 1 slik søknad medan det ikkje har vore nokon i 2026.

Ein del jegerar har teke i bruk termiske sikte dei seinare åra men hovudtyngda av hjorten vert nok framleis felt utan bruk slike sikte. Ein trur såleis ikkje bruken av slike sikte har vore avgjerande for den bestandsreduksjonen ein no meiner å ha hatt.

Så lenge det ikkje er vurdert å vere fagleg grunnlag, har kommunedirektøren ikkje funne at det er grunn til å fremje politisk sak om oppstart av forskriftsarbeid. Om ein likevel ynskjer å opne for termiske og restlysforsterkande siktemiddel legg kommunedirektøren fram følgjande forslag til vedtak:

2. Kinn kommune sender med dette forslag til lokal forskrift om opning for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel ved jakt på hjort på høyring.

Forslaget til forskrift med saksframlegg skal være tilgjenge på kommunen si heimeside og skal publiserast i lokale aviser.

Alle interesserte, organisasjonar, grunneigarar, jaktrettshavarar og offentlege instansar blir inviterte til å kome med merknader til forslaget.

Høyringsfrist blir sett til 12 oktober 2026.

Behandling i Formannskapet 10.09.2026:

Alternativt framlegg, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Det blir lagt ut lokal forskrift for Kinn kommune om opning for bruk av restlysforsterkende og termisk siktemiddel ved jakt på hjort. Kommunen vil etter høyring av forskrifta ta stilling til om det skal opnast for bruk av restlysforsterkende og termisk siktemiddel ved jakt på hjort, altså om forskrifta faktisk skal tre i kraft.

Alternativt forslag, foreslått av Mats Brunsvik, Kinn HøgreUavhengigKinn Fremskrittsparti
2. Kinn kommune sender med dette forslag til lokal forskrift om opning for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel ved jakt på hjort på høyring.
Forslaget til forskrift med saksframlegg skal være tilgjenge på kommunen si heimeside og skal publiserast i lokale aviser.
Alle interesserte, organisasjonar, grunneigarar, jaktrettshavarar og offentlege instansar blir inviterte til å kome med merknader til forslaget.
Høyringsfrist blir sett til 12. oktober 2026.

Samla framlegg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Kinn kommune sender med dette forslag til lokal forskrift om opning for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel ved jakt på hjort på høyring.
Forslaget til forskrift med saksframlegg skal være tilgjenge på kommunen si heimeside og skal publiserast i lokale aviser.
Alle interesserte, organisasjonar, grunneigarar, jaktrettshavarar og offentlege instansar blir inviterte til å kome med merknader til forslaget.
Høyringsfrist blir sett til 10. oktober 2026.
Kommunen vil etter høyring av forskrifta ta stilling til om det skal opnast for bruk av restlysforsterkende og termisk siktemiddel ved jakt på hjort, altså om forskrifta faktisk skal tre i kraft.

Votering:

Sama framlegg frå Frp v/ordførar Djuvik samrøystes vedtatt.

FORM- 088/26 Vedtak:

Kinn kommune sender med dette forslag til lokal forskrift om opning for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel ved jakt på hjort på høyring.
Forslaget til forskrift med saksframlegg skal være tilgjenge på kommunen si heimeside og skal publiserast i lokale aviser.
Alle interesserte, organisasjonar, grunneigarar, jaktrettshavarar og offentlege instansar blir inviterte til å kome med merknader til forslaget.
Høyringsfrist blir sett til 10. oktober 2026.
Kommunen vil etter høyring av forskrifta ta stilling til om det skal opnast for bruk av restlysforsterkende og termisk siktemiddel ved jakt på hjort, altså om forskrifta faktisk

skal tre i kraft.

Vedlegg i saken:

Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Kinn kommune

Krav om politisk handsaming av lokal forskrift om termisk og restlysforsterkende siktemiddel ved jakt på hjort

Informasjon og huskeliste for rapportering frå hjortejakta 2026

Svar på brev frå varaordføraren

Oppsummering av jakta 2024

25.07.24 Oppsummering av jakta 2023

Hjort 2023

Informasjon før hjortejakta i 2026

Framlegg Kinn kommunale viltmål 2023-2027

230626 Oppsummering av jakta 2025

Informasjon og huskeliste for rapportering frå hjortejakta 2026

SV Teamsmøte for å drøfte fastsetjing av lokale forskrifter om termiske siktemiddel

Sak_Sunnfjord_komune_147_26_vedta_av_forskrift_om_opning_for_bruk_av_restlysfors
terkende_og_termiske_siktemiddel_ved_jakt_p_Hjort_i_Sunnfjord_kommune_klage_21
91926_1_A_2758551

Referat frå møte 2. juli 2026

Veileder_for_fastsettelse_av_lokal_forskrift_for_opning_for_bruk_av_restlysforssterkende
_og_termiske_siktemidler_til_jakt_p_hjort_2186111_1_A_2750981

M_lokument_for_forvalting_av_hjortevilt_2023_2027_Vedtatt_i_utval_for_samfunn_kul
tur_og_n_ring_08_02_2023_2186126_1_A_2750981

Evaluering_av_bestandsplanperiode_2023_2025_Gloppen_Stryn_Indre_J_lster_bestands
planomr_de_2186127_1_A_2750981

Evaluering_av_bestandsplanperiode_2023_2025_F_rde_og_J_lster_bestandsplanomr_de
_2186128_1_A_2750981

Brev_fra_NOAH_Oppfordring_til_a_oppretholde_forbudet_mot_termiske_og_restlysforst
erkende_siktemidler_ved_jakt_pa_hjort_2187504_1_A_2750981

Ope_brev_fr_Styret_i_Sunnfjord_Naturvernforbund_2188646_1_A_2752345

de4f9900-b024-45ba-b8d2-df55c0d7a198


062ca012-ebc5-44e3-9612-1815a9876c34

241a28cd-cc33-4324-bba8-2d1d11459e31

241a28cd-cc33-4324-bba8-2d1d11459e31

5a3f686a-9d9d-4793-9af5-ebbd5ce1cf65

f8008d13-6039-4cd7-87a3-abb442c9e841



Saksnr.	Utval	Møtedato
089/26	Formannskapet	10.09.2026
138/26	Kommunestyret	17.09.2026

Rapport kommunal veg og bruer - med plan for oppfølging

FORM- 089/26 Vedtak:

Kommunestyret tek rapport/hovudplan for kommunal veg til etterretning. Kommunestyret ber kommunedirektøren snarast iverksette tiltak på dei 7 bruene som er registrert som kritiske/haster med tiltak. Desse bruene er følgjande og med budsjett (inkl alle kostnader + mva)

1. Svarthumla øvre kr. 367 500,-
2. Ramsdal bru Kr.315 000,-
3. Skarvøypoll bru kr. 360 000,-
4. Gottebergselva kr. 345 000,-
5. Klettavika bru v/Brufjordvegen kr. 180 000,-
6. Nedre Standalen kr. 165 000,-
7. Lykkjebø bru 1 kr. 502 500,-

Totalt kr 2.235.000,- + mva vert å innarbeide i 2. tertialrapport på prosjekt 21045 «Oppgradering av bruer».

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek rapport/hovudplan for kommunal veg til etterretning.

Kommunestyret ber kommunedirektøren snarast iverksette tiltak på dei 7 bruene som er registrert som kritiske/haster med tiltak. Desse bruene er følgjande og med budsjett (inkl alle kostnader + mva)

1. Svarthumla øvre kr. 367 500,-
2. Ramsdal bru Kr.315 000,-
3. Skarvøypoll bru kr. 360 000,-
4. Gottebergselva kr. 345 000,-
5. Klettavika bru v/Brufjordvegen kr. 180 000,-
6. Nedre Standalen kr. 165 000,-
7. Lykkjebø bru 1 kr. 502 500,-

Totalt kr 2.235.000,- + mva vert å innarbeide i 2. tertialrapport på prosjekt 21045 «Oppgradering av bruer»

I sak 139/24 «Omklassifisering av veg frå kommunal til privat - reviderte kriterium og vegliste» vart det i **vedtakspunkt 4** bedt om rapport/vedlikeholdsplan for kommunal veg.

KOST- 139/24 Vedtak:

1. Kinn kommune går ikkje vidare med sak om omklassifisering av kommunal veg til privat veg.
2. Dersom private ønskjer å overta kommunal veg skal det leggjast fram sak om dette i det einskilde høve. Kommunestyret delegerer avgjerdsmynde til formannskapet.
3. Kommunestyret stadfester vedtak i sak 85/96 jour.nr 1297/96 om kommunal overtaking av veg på Færøya. Veg på Færøy vert formelt omklassifisert frå privat veg til kommunal veg utan vidare krav om oppgradering. Det vert sett vilkår som foreslått frå kommunedirektøren i saka.
- 4. Kommunestyret konstaterer at saka som har vore på høyring, og innspela som har kome, igjen viser etterslepet på vegvedlikehald i Kinn kommune. Dette er kritisk infrastruktur for å halde liv i heile kommunen. Kommunestyret ber difor om at det blir lagt fram ein oppdatert vegvedlikehaldsplan som synleggjer korleis ein raskast mogleg kan få standarden opp på dei kommunale vegane.**

Rapporten vart framlagd finansutvalet i sak 005/26 referert skriv og melding den 5 mai, samt en presentasjon i same møte.
Det kom tilbakemelding på at det er politisk ønskje om ei eiga sak, der administrasjonen foreslår prioriterte tiltak.

Saksopplysningar:

Administrasjonen har i lag med SafeControl AS gjennomført ny kartlegging av tilstand på kommunale vegar inkl bruer.
Rapport (navngitt Hovudplan veg) tek for seg tilstand, utfordringar, investeringsbehov og driftsbehov.

Oppsummering av rapportens viktigaste funn:

I vurderinga av kvar enkelt veg vert det nytta ei skildring av tilstand som varierer frå særst dårleg (tilstand 1) til særst god (tilstand 5).
For kvar tilstand er det rekna ut ein einingspris pr m² veg. Kostnadane for utbetringa vert berekna for kvar delstrekning basert på areal og tilstand. Kostnad for kvar veg vert summen av desse.

Tabellen under viser ei oppsummering av mengder og resultat.

Vegkategori	Antal vegar*	Lenqd (km)	Breidd (m)	Tilstand	Utbetringskostnad (mill.kr)
Hovudvegar	25	5,9	6,6	4,5	5,7
Samlevegar	69	28,4	5,8	4,2	39,6
Atkomstvegar	466	169,3	3,8	4,1	135,7
Sum/snitt køyrevegar	560	203,6	4,2	4,2	181,0
Gang/sykkelvegar	66	7,5	2,6	4,0	3,0
Fortau	70	12,4	2,4	4,7	2,9
Sum/snitt	696	223,6	4,0	4,2	187,0

Tilstanden på alle kommunale vegar kan i hovudsak karakteriserast som god, men mange vegar og delstrekningar er likevel for dårleg.

Ein antar at ei årleg løyving til vedlikehald av vegkroppen som er lågare enn 11 mill. kr

pr år vil (som berekna i vedlegg 8, arbeidsprosess 2.1 og 2.2) vil redusere standarden og føre til at etterslepet vil auke.

For å den gode standarden på det kommunale vegnettet, tilrår ein at kommunen løyver 10-11 mill. kr pr år i 8 år (2026 – 2033) til utbetring av vegkroppen. Etter denne perioden bør ein gjere ei ny vurdering av tilstand og løyvningsnivå. Ved å løyve 11 mill. kr pr år vil det vil ta 18,7 år før alle vegar med behov i dag er utbetra.

Kostnad for asfaltering av grusvegar (investering) kjem i tillegg.

Viss ein ynskjer å asfaltere 2 km kvart år av dei gjenståande 22 km med grusveg, vil det koste ca. 1,7 mill. kr pr år. Det vil då ta 11 år før alle grusvegar har fast dekke.

Kostnad for nye vegobjekt (bruer, skilt, rekkverk osv.) vil og kome i tillegg.

Gjenanskaffingskostnaden for vegkroppen er berekna til 1 131 mill.kr. Etterslepet er berekna til 187 mill.kr. Vegkapitalen vert difor 944 mill.kr. Etterslepet utgjør 17 % av verdien.

Gjenanskaffingskostnaden for registrerte vegobjekt er berekna til 200 mill.kr. Etterslepet er ikkje berekna.

Gjenanskaffingskostnaden for både vegkroppen og vegobjekt er berekna til 1 331 mill.kr.

I tilrådd årsbudsjett utgjør drift 48 % (14,1 mill. kr) og vedlikehald 52 % (15,2 mill. kr) av totale kostnader på 29,3 mill. kr.

Snøbrøyting, strøing etc. utgjør 56 prosent (7,9 mill.kr) av totale driftskostnader. Reasfaltering utgjør 71 prosent (10,7 mill.kr) av totale vedlikehaldskostnader.

Hovud/samlevegane utgjør 16 % av total veglengd og 32 % av totalt budsjett, kr 275 pr meter.

Atkomstvegane utgjør 80 % av total veglengd og 66 % av totalt budsjett, kr 114 pr meter.

Totalte utgifter til drift og vedlikehald utgjør kr 139 pr meter for køyrevegane.

Gang- og sykkelvegane utgjør 4 % av total veglengd og 2 % av totalt budsjett, kr 75 pr meter.

Det er totalt 29 bruer, der alle er på køyrevegane. Bruene har ei total lengd på 404 meter. Vekta gjennomsnittsbreidd er 5,7 meter.

5 bruer har kritisk skade/mangel (skadegrad 4) som bør utbetrast straks eller seinast innan ½ år.

21 bruer har stor skade/mangel (skadegrad 3) og bør utbetrast i løpet av 1-3 år.

3 bruer har middels skade/mangel (skadegrad 2) og bør utbetrast i løpet av 4-10 år.

Det er berekna ein utbetningskostnad på totalt 4,6 mill.kr.

Utbetningskostnad er grovt estimert og gjeld skader gradert som 3 og 4. Inkluderer ikkje skader gradert som 1 og 2, generell rigg, samt mva.

Vurderingar:

Rapporten synleggjer på ein god måte det etterslepet som er på kommunale vegar.

Rapporten peikar også på at driftsbudsjett er for lågt til å hindre at etterslepet aukar.

Dei kritiske bruene må prioriterast grunna tryggleik og det er i innstillinga foreslått ein konkret plan for desse.

Kommunedirektøren har i tillegg gjort ei eige vurdering av kva vegar som bør vurderast å oppgraderast. Egne vurderingar basert på funn i rapport, vurdering av tilstand og kvar «skoen trykker mest», samt kvar kommunen i dag er mest driftsutgifter til vedlikehold, tilseier følgande prioriteringsliste:

1. Kv-2138 – Lykkjebøvegen - lengde 3144 meter
2. Kv-2107 – Endestadvegen - lengde 1981 meter
3. Kv-2133 – Standalsvegen - lengde 3080 meter (1681m av 4761 er ferdig utført 2025)
4. Kv-2088 – Sandviksvegen - lengde 1933 meter (fordelt på 848 og 1085)
5. Kv-2127 – Greplandsvegen -lengde 995 meter
6. Kv-2128 – Erikstadvegen - lengde 745 meter.
7. Kv-3250 - Biskop Svanesveg - lengde 1517 meter
8. Kv-2021 – Keitangvegen -lengde 2044 meter
9. Kv-2123 - Ole Torjussen vegen -lengde 630 meter
10. Kv-2113 – Ramsdalsvegen -lengde 6187 meter
11. Kv-1730 - Vågavegen 452 meter

Viktige premiss

Kommunedirektøren har ikkje vektlagt antall brukarar av vegen i lista overfor, men det generelle ansvaret for vedlikehold. Det er likevel klart at dei vegane med størst teknisk behov, har relativt få brukarar. Difor vil det i oppfølginga også bli lagt vekt på, og gjort ei vurdering av kost- nytteforhold opp mot kor mange som nytte vegen.

Det er greitt å vere klar over at ein del vegstrekingar, som ikkje er nemnd i lista overfor, vil bli oppgradert i samband med vann,- og avløypsprosjekt. Dette er i hovudsak i sentrumsområda i kommunen.

Dersom vegstrekingane skal oppgraderast, bør dei også fullførast i sin heilskap. I dette menes at kommunen ikkje berre bør lappe dei verste delene av vegstrekinga, men fullføre ei oppgradering som varer. Dette vil vere med å få ned driftskostnadene.

Kostnader til oppgradering medregna oppbygning og asfalt ligger rundt 2-2500 kr. Pr. m inkl. mva.

Dette utgjør i kostnader for prioriteringa 1-11 : 38.182.300,- inkl. mva.
Satsene her er stipulert i forhold til tidligere utbedringer av vegnett og vurdering av gjennomsnitts pris.

I ei innarbeiding i budsjett, vil det samstundes bli lagt inn eit fråtrekk i driftskonsekvens.

Noen plasser er det viktig å vurdere vegen samen med behov for oppgradering av VA.

I anbefalt årsbudsjett for drift og vedlikehald viser rapporten også for et generelt behov for tildelte midla for reasfaltering og grusing av vegar på følgjande pr år:

- Asfaltering kr. 4 772 760
- Grusing kr. 1 680 000,-

Oppsummering:

Kommunedirektøren meiner at saka synleggjer utfordringsbilde på ein god måte.

Kommunedirektøren sin vurdering er at det blir svært krevjande økonomisk å ta desse investeringane/auke driftsbudsjett til kommunal veg slik situasjonen er i dag, og at det er naturleg at omfanget av kommunale vegar (både kva som skal vere kommunal veg og kva som skal vere vedlikeholdsnivået) bør vurderes på nytt basert på dei svært store kostnadane rapporten viser.

Økonomiske konsekvensar:

Ved vedtak lik innstilling, vil det tilkomme 2,235 mill i auka låneopptak.

Det vil ikkje vere andre direkte økonomiske konsekvenser av denne saka, men det er synnleggjort klare behov som bør takast til etterretning

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Formannskapet 10.09.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

FORM- 089/26 Vedtak:

Kommunestyret tek rapport/hovudplan for kommunal veg til etterretning.

Kommunestyret ber kommunedirektøren snarast iverksette tiltak på dei 7 bruene som er registrert som kritiske/haster med tiltak. Desse bruene er følgjande og med budsjett (inkl alle kostnader + mva)

1. Svarthumla øvre kr. 367 500,-
2. Ramsdal bru Kr.315 000,-
3. Skarvøypoll bru kr. 360 000,-
4. Gottebergselva kr. 345 000,-
5. Klettavika bru v/Brufjordvegen kr. 180 000,-
6. Nedre Standalen kr. 165 000,-
7. Lykkjebø bru 1 kr. 502 500,-

Totalt kr 2.235.000,- + mva vert å innarbeide i 2. tertialrapport på prosjekt 21045 «Oppgradering av bruer».

Vedlegg i saken:

Plan FDV kommunal veg



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/54566
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 03.09.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
090/26	Formannskapet	10.09.2026

Interpellasjonar

FORM- 090/26 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Formannskapet 10.09.2026:

Ingen interpellasjonar.

FORM- 090/26 Vedtak:
Ingen vedtak.